


A



TRE FJORDAR
LAGSBLAD FOR: SGN OG FJORDANELAGET I OSLO
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 3

2016

ÅRGANG 31

STYRET

Leiar: Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96
agnar.kvellestad krøllalfa nmbu.no

Kasserar: Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63
hilmar krøllalfa getmail.no

PRESSE & PR

Leiar: Alv Reidar Dale 97 82 62 48(p) - 22 85 63 48 (a)
a.r.e.dale krøllalfa uniforum.uis.no

HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes 92 49 64 38
agnar.hegrenes krøllalfa nibio.no

Kontakt Sunnfjordhytta: Andor Gjelsvik 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)
andorgj krøllalfa frisurf.no

Kontakt Nordfjordhytta: Dagfinn Aa 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)
daa krøllalfa ssb.no

SGN OG FJORDANDERINGEN

Nestleiar: Finn Stafsnes 90 82 12 27
Fi-stafs krøllalfa online.no

Sendar: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo



*God stemning under Hyttehelga
og dugnad på Nordfjordhytta
23. - 24. april*



*Laget har sikra seg
globetrattaren Gunnar Garfors
til Klubbefesten 5. november*

Astrup-utstilling på Henie-Onstad kunstsenter i sommar

Leitren Det er sommar – og snart ny lagshaust

Vi kan sjå attende på vinteren og våren, med øvingar i Ringen og deira dansing 17. mai, og dugnadar og andre hyggelege samkomer på hyttene. I tillegg gjer fleire medlemmar i laget ein stor innsats som tillitsvalde i Bygdelagssamskipnaden.

Ringen vert dei første som startar opp att til hausten, og det skjer ting på hyttene, bl.a. smalahoveeting på Pustut i oktober.

Klubbefesten vert laurdag **5. november**, i pakt med tradisjonane. Denne gongen med markering av *skipinga av Sunnfjordlaget for 100 år sidan*. **Gunnar Garfors** og **Indre Sunnfjord Speleemannslag** kjem og gjev kvelden sunnfjordpreg.



FOTO: Gunnar Garfors ©

Gunnar Garfors vokser opp i Naustdal og arbeider i NRK med blant anna internasjonal kringkastingsverksemd. Dessutan er han journalist og forfattar, og har blant anna medverka i bøker gjevne ut i heimefylket. Som globetrottar har han vitja alle

landa i verda. Kva tankar han gjer seg om sunnfjordingar ved denne hundreårsmarkeringa, får vi høre på festen.

Spelemannslaget syter for god sunnfjordmusikk. Etter mange tiårs deltaking på kappleikar og i andre samanhengar skulle dei vere velkjende for sitt gode spel.

På dei to føregåande klubbefestane markerte vi at det var 100 år sidane skipingane av høvesvis Sogne- og Nordfjordlaget. I år vert det kruna på feiringsverket, og alle gode ting skal vere tre. Her kjem eg i hug ei kjend utsegn i Skipper Worse av forfattaren Kielland: «Vi kommer sent – hr. konsul! men vi kommer godt!».

No er **Nicolai Astrup-utstillinga** sett opp på Henie-Onstad kunstsenter på Høvikoddan. Laget prøver å få til ein fellestur dit uti aug. Sjå <http://hok.no/arrangement/nikolai-astrup-norske-landskap?gclid=CO79w5qnts0CFWF5cgodaewMpw>

Og så minner vi om **Førdefestivalen**
6.–10. juli: <http://www.fordefestival.no/>
program-2015-alle/

Eg ønskjer alle ein retteleg god sommar og velkomme attende i laget til hausten.

Agnar Kvælestad
Leiar

Til sist ei oppmoding til alle som har e-postadresse, men ikkje har gjeve den til laget. Send den til oss (sjå baksida), slik at vi kan bruke den ved utsendingane av avisar og annan informasjon.

Drabeleg dugnad på Nordfjordhytta

ALLE FOTO: Randi Solheim ©



23.–24. april var det hyttehelg og dugnad på Nordfjordhytta, med vedasjau og vårvask som forslo. Bileta talar for seg – men kva er det som skjuler seg inni peisen på Nordfjordhytta?



28.–29. mai var vårens rekeparty på hytta, med få, men utvalde gjester.

Laurdag 7. mai heldt dei vedadugnад på Sunnfjordhytta ved Sinober i Lillomarka.



PEISKUNST: Randi Solheim kom over desse forunderlege figurane inni peisen på Nordfjordhytta. Eit mysterium me kanskje kjem attende til i neste nummer – fylg med...

BRUK HYTTENE I SOMMAR: Me oppmodar medlemmene til å leige hyttene i sommar, det er svært rimeleg og fin ferie, det! Sjå kontaktlista på baksida av arket.